

## Ode til livet.

Livet er eit sjansespel, og ingen overlever. Likevel, det er mange måtar å takla denne sanninga på- enkelte lever som om det ikkje fanst nokon ende, dei freistar å sikra seg på alle baugar og kantar, samlar i bøtter og spann, og søker all den tryggleik dei kan finna, er seg sjølv nok. Den rike bonden sin lagnad kjenner me alle. Om du har alle dei middel som skal til for å leva, sikrar ikkje det sjølve livet.

Andre seier, et, drikk og ver glad, for i morgon døyr du- dei samlar på opplevingar, matopplevingar, seksuelle opplevingar, reiseopplevingar, adrenalinkick, er seg sjølv nok.

Atter andre lever livet som usynlege, rutinar og vaner blir det viktigaste, dei har aldri eigne meiningar, stikk seg aldri fram, unngår alle konflikhtar, utslettar seg sjølv, er seg sjølv nok.

Å leva er å velja, seier den tyske filosofen Martin Heidegger. Det er to måtar å forhalda seg til desse vala, anten å la alt skura og gå, og dermed freista å unngå dei viktige vala i livet, eller heilt bevisst gå inn i valsituasjonane og velja ut frå dei ideal ein har. Den eine måten kallar H å leva ueigentleg, og den andre å leva eigentleg, det som den danske filosofen Søren Kierkegård kallar «at være i sandhed».

Ibsens Peer Gynt er det klassiske eksempelet på eit menneske som stadig freistar å flykta frå dei avgjerande vala i livet. Han svihtar Solveig og hennar kjærleik, han lyg mora inn i døden, han rømer frå Dovregubben når han blir konfrontert med at den grønkledde dottera er blitt gravid pga Peer sitt begjær, og han havnar til slutt i dårekista i Kairo, sjølve sinnbiletet på det ueigentlege liv. I femte akt er den no gamle Peer på veg heim att, og møter knappestøyparen, som konfronterer han med hans forspilte liv. «Du var tenkt til en skinnende knapp på verdensvesten, men hempen glapp». Du har budt din bestemmels trods, du har aldri vore deg sjølv, og difor skal du støypast om, slik at mester får noko att for det han har investert i deg. Du flykta frå Dovregubben, men tok valspråket hans med deg: «Troll, vær deg selv nok». Etter den dag er det Bøygen sine ord som har styrt deg- «gå utenom, Peer». Peer freistar fortvila å få til ein avtale med knappestøyparen for å sleppa støypeskeia og utslettinga, og knappestøyparen lovar han fri viss han kan finna ein som vil vitna for Peer at han har vore seg sjølv, dvs ikkje vore styrt av kortsiktig eigennytte, ikkje levd halvveis. Det blir vanskeleg, men til sist er det Solveig sin kjærleik som reddar han, i alle fall i

første omgang. Den brasilianske diktaren Marta Medeiros har eit litt anna perspektiv på dette å leva eit eigentleg liv.

### Ode til livet

Langsamt dør den som forblir en slave av sine vaner,  
den som hver dag vandrer i samme spor,  
den som ikke forandrer retning,  
den som ikke tar sjanser eller skifter farge på klærne,  
den som ikke snakker med ukjente.

Den dør langsamt, som unnlater å følge en lidenskap,  
den som sverger til svart fremfor hvitt  
og til pirkete detaljer fremfor et vell av følelser,  
som får øynene til å gløde, som forvandler gjesp til smil,  
som får hjertet til å banke, fordi noe har gått galt eller av følelsesaffekt.

Langsamt dør den som ikke endevender sitt bord.  
Den som er ulykkelig i sitt arbeid, den som ikke risikerer,  
den som ikke tør følge en drøm, den som ikke tillater seg selv,  
minst en gang i livet, å bryte med all fornuft.

Langsamt dør den som ikke leser, den som ikke reiser,  
den som ikke lytter til musikk, den som ikke finner nåde i sitt eget dyp.  
Den dør langsamt, som ødelegger egenverdet, den som ikke tar imot hjelp,  
den som ustanselig klager over egen ulykke eller over det ustoppelige  
regnet.

Langsamt dør den som forlater en plan før den har begynt,  
den som ikke spør om ting han ikke vet,  
den som ikke svarer når noen spør om noe han vet.

La oss unngå denne langsomme død.  
La oss huske at det å være i live krever en større anstrengelse enn kun å  
puste,  
bare med en glødende tålmodighet kan vi finne veien til en glitrende glede.

bita

